- Det er ført kostnader på prosjektet «Vatn til Gulen». Kostnader her vert etter avtale dekkja av Gulen kommune.
- Vassforsyning – utbetring sjø gjeld utbetring av gammal vassleidning som ligg i sjø. I 2016 har det vore gjennomført inspeksjon av leidningen, og det er nødvendig å utbetre denne. Prosjektet er utført i 2017 i samsvar med budsjetttramme for teke inn som del av revidert budsjett og Kommunestyrevedtak juni 2017.
- Det er kjøpt tomt til næringsføremål i 2017, og vidaresal gjennomført
- Kommunen har stått for utbygging og medfinansiering av nokre bustadfelt

3.1.3 Finansutgifter

Finanstransaksjoner	Rekneskap	Justert budsjett	Opp. Budsjett
Avdrag på lån	612 112,00	0,00	0,00
Utlån	1 820 000,00	500 000,00	500 000,00
Kjøp av aksje og andeler	575 122,00	550 000,00	550 000,00
Dekning av tiligere års udekket	0,00	0,00	0,00
Avsatt til ubundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00
Avsatt til bundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00
Sum utgifter	3 007 234,00	1 050 000,00	1 050 000,00

- Avdragsutgifter er kommunen sine avdrag til Husbanken på lån til vidareutlån (Startlån).
- Utlån gjeld vidareutlån av innlån frå Husbanken og utlån frå kraftfondet.
- Kjøp av aksjar og andelar er eigenkapitalstilskot til KLP




Utvikling investering i anlegg og finansutgifter 1991 - 2017

3.1.4 Finansiering av investeringsrekneskapen

Dekket slik:	Rekneskap	Justert budsjett	Opp. Budsjett
Bruk av lån	5 226 911,99	26 498 400,00	23 280 000,00
Salg av aksjer og andeler	155 610,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	319 027,66	0,00	0,00
Overført fra driftsregnskapet	0,00	0,00	0,00
Vruk av tildegere års udisponert	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	1 000 000,00	550 000,00	550 000,00
Bruk av bundne driftsfond	0,00	3 500 000,00	3 500 000,00
Bruk av ubundne investeringsfond	575 122,00	0,00	0,00
Bruk av bundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00
Sum finansiering	7 276 671,65	30 548 400,00	27 330 000,00

- Eksterne lån står for 5.226.912 av finansieringa
- Sal av aksjar i Tide er bokført med kr. 155.610
- Motteke avdrag på utlån gjeld avdrag på Startlån.
- Bruk av disposisjonsfond gjeld kr. 500.000 på næringsføremål og kr. 500.000 som utlån kraftfondet
- Bruk av ubundne investeringsfond gjeld eigenkapitaltilskot til KLP.



3.1.5 Udekka i investeringsrekneskapen


Ved utgangen av 2017 har Masfjorden kommune ingen gjennomførte prosjekt som ikkje er finansiert.

3.2 Driftsrekneskapen 2017

3.2.1 Utvikling 2012 – 2017

Tal i 1 000 kr	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017
Skatt	69 965	73 304	75 101	79 058	80 274	78 481
Rammetilskot	55 657	56 911	61 402	62 036	68 607	70 716
Andre driftsinntekter	50 810	54 086	57 040	67 179	67 695	85 722
Sum driftsinntekter	176 432	184 301	193 543	208 273	216 576	234 919
- Driftsutgifter	172 989	183 044	196 081	209 363	217 371	232 475
Brutto driftsresultat	3 443	1 257	-2 538	-1 090	-795	2 445
+ Renteinntekter	3 377	4 839	3 573	2 235	2 306	4 073
- Renteutgifter	1 997	1 796	1 636	1 398	1 237	1 172
- Netto avdrag	3 461	4 731	5 020	5 094	5 382	5 571
+ Motpost avskrivning	7 799	7 904	7 664	7 908	7 572	7 260
Netto driftsresultat	9 161	7 473	2 043	2 561	2 464	7 036
Overført til investering	1 781	1 559		38		0
Bruk av akk. overskot	998	5 984	5 144	1 280	2 990	2 789
Bruk av fond mm	3 397	3 312	3 520	5 627	5 239	4 038
Avsetjingar til fond	5 792	10 066	9 427	6 439	7 904	12 387
Rekneskapsresultat	5 983	5 144	1 280	2 991	2 789	1 476
Netto driftsres./driftsinntekt	5,19 %	4,05 %	1,06 %	1,23 %	1,14 %	3 %
Auke driftsinntekter	5,84 %	4,46 %	5,01 %	7,61 %	3,99%	8,5 %
Auke driftsutgifter	5,69 %	5,81 %	7,12 %	6,77 %	3,82 %	6,9 %

Driftsrekneskapen viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på 1,476 mill. kr for 2017. Netto driftsresultat utgjer 7,036 mill kr, som utgjer om lag 3 % av sum driftsinntekter. Det tekniske berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) betraktar netto driftsresultat som hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunesektoren. Netto driftsresultat viser kor mykje som kan disponerast til avsetjingar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. Utvalet tilrår at netto driftsresultat bør utgjøre om lag 1¾ prosent for kommunane. Utviklinga i brutto og netto driftsresultat i perioden 2011-2017 er vist i tabell og for åra 1990-2017 diagram på denne sida. F.o.m. 2014 blei momskompensasjonen frå investeringane ført i investeringsregnskapet, ikkje i driftsrekneskapen som tidlegare. Denne endringa medførte ein reduksjon i brutto og netto driftsresultat. Før 2014 var tilrådinga at kommunane burde ha eit netto driftsresultat på om lag 3% av driftsinntektene.



3.2.2 Kommentarer til rekneskapsskjema 1A

Frie disponible inntekter

Frie disponible inntekter er skatteinntekter, rammetilskot, eidegdomsskatt, andre direkte og indirekte skattar og andre generelle statstilskot. I 2017 utgjorde frie disponible inntekter 161,8 mill. kr, som er ei auke på 3,6 % frå 2016. forholdsvis stor nedgang i eidegdomsskatteinntekt, og ein del mindre i skatteinnngang elles enn revidert budsjett la opp til. Rammetilskot og andre direkte eller indirekte skattar høgare enn budsjettert. Andre generelle statstilskot aukar med 6 mill.kr. i høve revidert budsjett. Årsaka til dette skuldast at tilskot fiber er ført over frå investering til drift, med ei utbetaling i 2017 på 6 mill.kr.

Frie disponible inntekter viser ei meirinntekt i forhold til justert budsjett på 7,2 mill. kr. Hovudårsak til avviket er nemnd over i forhold til tilskot fiber med 6 mill.kr., samt at kommunen står som ansvarleg kommune for fellesprosjekt med 10 kommunar i regionen om velferdsteknologi, og statstilskot til dette prosjektet med 1,8 mill.kr., samt to andre regionale prosjekt med 0,9 mill.kr. i skjønsmidlar. Vidare vart tilskot til integrering av flykningar ein del høgare enn budsjettert.


Skatteinntektene var opprinneleg budsjettert med 40,6 mill. kr., justert opp til 44,6 mill.kr. og enda opp med 43,5 mill.kr., og ein auke i høve 2016 med 1,2%.

Rammetilskotet var opprinneleg budsjettert med 73,8 mill. kr, justert ned i budsjettrevisjon til 69,2 mill.kr. Rekneskapan viser at kommunen har motteke 70,7 mill. kr i rammetilskot, og ein auke på 3% i høve 2016.

Eidegdomsskatten har gått ned med 2,6 mill.kr. siste året, og skuldast mindre i eidegdomsskatt kraftanlegg. Utsiktene i åra som kjem er at inntekter på eidegdomsskatt kraftanlegg vert ytterlegare redusert.

Andre direkte og indirekte skattar gjeld konsesjonsavgift og naturressursskatt. Konsesjonsavgift er på same nivå som 2016, medan naturressursskatten aukar litt i 2017.

Andre generelle statstilskot gjeld bustadtilskot 250', rentekompensasjon for skular med 59', omsorgsbustadar med kr 813.494, kyrkjebygg med 49', og integreringstilskot for flykningar med 9,6 mill kr.



Finansinntekter og -utgifter

Rentenivået i marknaden er framleis lågt, men renteinntekter og utbytte har ein liten auke i høve 2016 som skuldast ein auke sum utbytte i 2017. Ikkje realisert gevinst på finansielle plasseringar er inntektsført med nær 2,8 mill. kr., og her var det ikkje budsjettert med inntekter i 2017, slik at dette bidreg godt til 2017 resultatet. Samla sett utgjør verdien av desse plasseringane ved utgangen av 2017 over 24,7 mill.kr.

Etter retningslinene i finansreglement for Masfjorden kommune, har kommunen som mål å ikkje ta opp meir i lån til investeringar enn det som vi betaler i avdrag i året. Låneopptak i 2017 var 7,28 mill. kr. Lån til investeringar vart ikkje utbetalt før på slutten av året. Betalt avdrag utgjorde samla nær 6,2 mill.kr. i 2017, kor nær 5,6 mill.kr. ført i driftsrekneskapan. Med bakgrunn i berekning av minimumsavdrag på innlån, kunne vi ha redusert og betalt avdrag med 2,521 mill. kr. Her kunne vi betra rekneskapsresultatet med nokre millionar, men då har dette blitt ei utgift som vi hadde fått i seinare år. Renteutgiftene er litt lågare enn i 2016, og ligg om lag 0,2 mill. kr under budsjettet.

Avsetjingar og bruk av fond

Det er ført bruk av rekneskapsresultat for 2016 med 2,7 mill.kr. og tilsvarande avsetjing til ubundne fond når det gjeld disponering av rekneskapsresultat for 2016, samt avsetjingar til ubundne fond knytt til m.a. Masfjordsambandet – det er sett av 1 mill. kr til bru over Masfjorden, vidare er konsesjonsavgift avsett med 2,8 mill.kr, tilbakebetaling av rente- og avdrag utlån kraftfondet, avsett unytta midlar til dagsenter, midlar til Masfjorden kommune sin del av etableringskostnader av øvingssenter Gulen og Masfjorden brann og redning – kr. 200.000, bibliotekprosjekt med 100.000,- og unytta midlar kring planarbeid.

Avsetjing til bundne fond gjeld midlar vi har motteke i 2016 til ulike føremål, men som ikkje er brukt opp i rekneskapsåret. M.a. Fiber med 2,7 mill.kr., Her er og sett av midlar til avlaufspond – om lag 310.000, som skuldast at avlaufsområdet går med eit overskot. Kalkprosjekt avsett med netto 810.000 for tiltak kommande år, midlar til fiskefond – kultur og musikkskulen m.m.

Bruk av ubundne avsetjingar gjeld overføring til driftsrekneskapan frå kraftfondet 2,1 mill. kor 1 mill. kr. gjeld ferjefri kryssing av Masfjorden og kr. 550.000 gjeld div. tilskot til eksterne og tilsvarande sum på 550.000 gjeld konkrete forhold og utbetalingar kraftfondet. Det er vidare bruk 94.000 av disposisjonsfondet til å dekke deler

av kostnadane med gjennomføring av val 2017. Det er og nytta litt over 1,8 mill. kr til å dekkja tidlegare års amortisering av premieavvik. Bruk av bundne avsetjingar gjeld innteksføring av øyremerka midlar vi har motteke tidlegare år, der utgifta er ført i 2017.

Fordelt til drift

Rekneskapen for 2017 viser kr 153 335 212 til fordeling til drift. Med ei utgift i driftsrekneskapen på kr 151 858 918, vert dette eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskotet) på kr 1 476 294,23.

3.2.3 Kommenterar til rekneskapskjema 1B

Skjema 1B viser at rammeområda samla har nytta kr 151 858 918 til drifta i 2017, mot eit budsjett på 152,6 mill.kr., som gjev eit lite budsjettmessig mindreforbruk på knappe 0,8 mill. kr i forhold til justert budsjett.

	Rekneskap 2017	Justert budsjett 2017	Budsjett 2017	Regnskap 2016
1 Folkevalgte organ	2 396 101,86	2 301 600	2 301 600	2 330 651,23
2 Administrasjon	14 052 402,02	13 435 000	13 435 000	15 511 124,56
3 Barnehage	17 547 075,95	15 837 300	15 837 300	16 341 196,56
4 Skule	44 261 250,99	39 571 300	39 571 300	41 663 413,77
5 Helse	9 346 911,17	10 176 000	9 856 000	10 103 623,01
6 Sosial og barnevern	4 158 934,57	5 289 000	5 289 000	4 885 734,64
7 Pleie og omsorg	48 313 063,70	47 627 800	47 914 800	47 655 458,81
8 Kultur	6 216 392,89	6 100 500	6 020 500	6 027 919,85
9 Kyrkja	3 588 350,22	3 605 000	3 525 000	3 678 218,00
10 Teknisk	11 871 771,60	11 922 000	6 477 000	8 831 067,96
11 Andre tenesteområder	-9 893 336,86	-3 214 000	-3 214 000	-7 721 036,65
Totalt	151 858 918,11	152 651 500	147 013 500	149 307 371,74

Folkevalte organ:

Gruppeteneste: Folkevalgte organ	Rekneskap 2017	Justert budsjett 2017	Avvik	% - avvik	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
10001 Folkevalgte organ	1 768 649	1 682 600	-86 049	5	1 729 564	1 737 605
10002 Støtte til politiske parti	39 914	40 000	86	0	39 914	39 917
10003 Val	82 431	94 000	11 569	-12	36 526	118 781
10006 Arbeidsmiljøutval	13 000	0	-13 000	0	27 312	0
11000 Kontroll og revisjon	492 108	485 000	-7 108	1	497 336	456 094
Sum gruppeteneste: 1 Folkevalgte organ	2 396 102	2 301 600	-94 502	4	2 330 652	2 352 397

Budsjettmessig meirforbruk på kr 94 502 – kor ein stor del av dette kan sjåast i samanheng med arbeid med å få realisert Masfjordsambandet. Pott tilleggslyøvinga budsjettert under dette rammeområdet, kostnader ført andre rammeområde. Samme med val, direkte kostnader ført under folkevalte organ, arbeidsinnsats/løn ført under administrasjon. Revisjonskostnader og kontrollutval i samsvar med budsjett

Administrasjon:

Gruppeteneste: Administrasjon	Rekneskap 2017	Justert budsjett 2017	Avvik	% - avvik	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
12000 Kantine	47 869	0	-47 869	0	21 200	2 431
12001 Rådmannskontoret	4 245 697	4 134 000	-111 697	3	3 891 048	4 170 868
12002 Kommunekassen	1 960 412	2 042 500	82 088	-4	2 051 984	2 058 872
12003 Velferdstiltak	127 698	30 000	-97 698	326	218 618	147 401
12004 Løn og peronal	1 281 813	1 189 000	-92 813	8	1 131 804	1 150 536
12005 Administrasjon teknisk	1 053 103	1 430 000	376 897	-26	1 877 907	1 009 344
12006 Fellestenester	2 730 580	2 159 500	-571 080	26	3 857 894	3 461 394
12009 Rådjevargruppa	2 605 230	2 450 000	-155 230	6	2 460 670	2 121 279
Sum gruppeteneste: 2 Administrasjon	14 052 402	13 435 000	-617 402	5	15 511 125	14 122 125

Samla sett kjem rammeområde ut med eit meirforbruk på kr. 617.402. Fellestenestene står for 571.080 av dette avviket, til tross for større fordelte kostnader til andre rammeområder enn tidlegare. Det er vidare

ført ein post med avskrivning under fellesteneste, som skulle ha vore på rammeområde 11 – felles med kr. 214.873. Velferdstiltak har utgifter med 127.698 som gjeld BHT og elles veldferdstiltak andre rammeområde som skulle ha vore inntektsført med bruk av fond. Samla sett med desse forholda kjem rammeområde administrasjon bra økonomisk ut i 2017, men ein del av dette skuldast ref.sjukepengar. Vi må framleis auke opp og fordele større del av administrasjonskostnadene til dei rammeområda dei reelt høyrer til.

Barnehage:

Gruppeteneste: Barnehage	Rekneskap 2017	Justert budsjett 2017	Avvik	% - avvik	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
20101 Nordbygda barnehage	6 489 811	5 924 700	-565 111	10	6 046 876	5 565 393
20102 Sandnes barnehage	4 494 389	4 637 500	143 111	-3	4 524 243	3 944 592
20103 Indre Masfjorden barnehage	4 084 463	3 106 800	-977 663	31	3 153 761	2 839 806
20104 Felles barnehage	14 840	20 500	5 660	-28	389 637	516 350
21101 Styrka tilbod Nordbygda barnehage	432 717	273 300	-159 417	58	180 956	307 988
21102 Styrka tilbod Sandnes barnehage	30 333	44 000	13 667	-31	185 559	3 708
21103 Styrka tilbod Indre Masfjorden barnehage	302 635	237 000	-65 635	28	244 814	21 962
22101 Lokaler og skyss Nordbygda barnehage	748 300	640 500	-107 800	17	607 893	608 792
22102 Lokaler og skyss Nordbygda barnehage	518 148	516 500	-1 648	0	581 279	480 560
22103 Lokaler og skyss Nordbygda barnehage	431 441	436 500	5 059	-1	426 178	483 470
Sum gruppeteneste: 3 Barnehage	17 547 077	15 837 300	-1 709 777	11	16 341 196	14 772 621

Budsjettmessig meirforbruk på 1,7 mill. kr. i 2017 (og med negativt avvik i 2016 på 1,6 mill.kr.) så har vi ei utfordring å få dette rammeområdet i samsvar med budsjett. Ein barnehage har godt samsvar med budsjett og drift, medan dei 2 andre har til dels store avvik.

Avvik Nordbygda barnehage er knytt til **løpande opptak**. I løpet av våren 2017 og fram til sommaren auka barnetalet med 8 barn fordelt på 12 plassar. Dette medførte ein auke på 200% i avdeling, og forklarar dei auka lønsutgiftene. + styrkingstiltak som innebar 46% stilling, som ikkje var innarbeidd i 2017 budsjettet. Innføring av 6 t plantid for pedagogar utgjorde totalt 24 timar i veka / 64 % stilling som vart dekkja inn av fast vikar. Samt ekstra i høve innføring fagsystem vigilo.

Teneste 22101 - Lokaler og skyss

- o Utbetring av garderobetilhøva på avdelinga me har i skulen sine lokale førte til auka utgifter
- o Utgifter til skifting av vindu og dører i barnehagebygget

Avvik Indre Masfjorden barnehage er knytt til **løpande opptak**. Hausten 2016 starta ein opp med 19 barn fordelt på 26 plassar. I løpet av våren 2017 og fram mot sommaren vart det ei auke på 8 barn fordelt på 11 plassar (løpande opptak). Dette medførte ei auke i personalressurs på 1,83 % årsverk.

Innføring av 6 t plantid for pedagogar, Indre Masfjorden barnehage utgjorde dette totalt 24 timar i veka (3 pedagogar i full stilling, ein (1) pedagog i 60 % under utdanning, og styrar 40 % i avdeling). Dette utgjorde ei 64 % stilling der det skulle inn vikar for å dekke inn plantid. **DUÅ** Frikjøp av personalressurs for gruppeleiar 40 % - styrar er frikjøpt 40 % frå avdeling, erstatta av assistent. **Gratis barnehageplass for dei som er i introduksjonsprogrammet**, I Indre Masfjorden barnehage har 5 barn gratis plass fram til 14.8.17. Dette utgjør (rundt rekna) i overkant av 70 000 kr i mindre inntekter fram til august. + og perioden september og ut året. **Innføring av Vigilo og innkjøp av utstyr til dette**. Alle desse tiltaka/årsakene til auka utgifter, er i tråd med vedtak som er gjort på administrasjons- og kommunestyrenivå i Masfjorden.

Skule:

Gruppeteneste: Skule	Rekneskap 2017	Justert budsjett 2017	Avvik	% - avvik	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
20201 Nordbygda skule	12 236 438	12 147 000	-89 438	1	10 575 248	10 549 055
20202 Sandnes skule	9 981 442	9 046 000	-935 442	10	9 249 352	8 620 482
20203 Matre skule	10 323 556	9 109 000	-1 214 556	13	9 561 607	9 666 903
20204 Skule fellesutgifter	905 123	1 474 000	568 877	-39	1 723 019	1 972 964
20205 Den kulturelle skulesekken	27 388	47 500	20 112	-42	41 130	12 033
20206 PPT	718 969	0	-718 969	0	0	0
21300 Vaksenopplæring	709 044	153 500	-555 544	362	548 462	180 034
21301 Opplæring innvandrarar	669 895	454 000	-215 895	48	429 002	152 446
21501 Nordbygda SFO	662 344	371 600	-290 744	78	599 905	417 837
21502 Sandnes SFO	318 988	274 500	-44 488	16	401 909	130 816
21503 Matre SFO	294 361	275 700	-18 661	7	349 738	371 853
22201 Lokale Nordbygda skule	2 655 274	2 097 000	-558 274	27	2 486 753	2 342 647
22202 Lokale Sandnes skule	1 911 636	1 711 000	-200 636	12	2 212 787	1 968 447
22203 Lokale Matre skule	1 772 629	1 390 000	-382 629	28	1 513 977	1 537 930
22301 Skuleskyss Nordbygda skule	1 272 888	650 000	-622 888	96	1 068 683	770 053
22302 Skuleskyss Sandnes skule	248 802	260 000	11 198	-4	268 939	280 572
22303 Skuleskyss Matre skule	368 022	340 000	-28 022	8	526 202	628 969
28502 Nordbygda skule VGS tilbod	-815 546	-229 500	586 046	255	106 702	0
Sum gruppeteneste: 4 Skule	44 261 253	39 571 300	-4 689 953	12	41 663 415	39 603 041

Skule hadde eit meirforbruk på kr 4,7 mill.kr. i 2017, og tilsvarande eit meirforbruk i 2016 på 2,8 mill. kr. Av det samla avviket på 4,7 mill.kr., er nær 1,1 mill.kr. knytt til auke i fordelte felleskostnader som ikt, avvik reinhald med litt over 0,4 mill.kr., skuleskyss Nordbygda med over 0,7 mill.kr., som kommunen legg til grunn er ein feil – og vert jobba med å rette opp i., auke i avskrivning i høve budsjett med 0,2 mill.kr., manglande fondsføring med 0,2 mill.kr., og ekstra kostnader knytt til flyktningar og tenkt budsjettjustering med om lag 1 mill.kr. – og samla utgjer dette 3,6 mill.kr. På den andre sida har ein i 2017 inntektsført 2 år tilskot for vidaregåande skule opplæring – og som tilførte 2017 rekneskapan ei meirinntekt på nær 0,6 mill.kr. Korrigert 1B skule 2017 tilseier eit reelt avvik skuledrifta vs. 2017 budsjettet med 1,7 mill.kr.

Helse:

Gruppeteneste: Helse	Rekneskap 2017	Justert budsjett 2017	Avvik	% - avvik	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
23200 Helsesøsterteneste	958 659	976 500	17 841	-2	918 611	755 464
24101 Legekontor	4 179 171	4 497 000	317 829	-7	4 527 168	4 970 900
24102 Legevakt	1 220 000	1 180 000	-40 000	3	1 065 710	1 070 869
24104 Fysioterapi	467 870	473 000	5 130	-1	482 335	173 251
24105 Hjelpemiddelformidling	168 084	391 000	222 916	-57	492 086	272 215
24106 Psykisk helse	1 445 840	1 806 500	360 660	-20	1 769 264	1 996 180
24107 Fysioterapi - Driftsavtale	383 286	381 000	-2 286	1	339 178	360 885
24108 Folkehelse	-70 000	-70 000	0	0	-55 998	0
24109 Samhandlingsreform	0	0	0	0	0	125 799
25600 Døgnopphald akutthjelp	594 000	541 000	-53 000	10	565 269	281 419
Sum gruppeteneste: 5 Helse	9 346 910	10 176 000	829 090	-8	10 103 623	10 006 982

Rammeområde helse kjem i 2017 ut med eit mindreforbruk på om lag 0,8 mill.kr, knytt til meirinntekter/ refusjonar frå andre kommunar og andre meirinntekter.

Sosial og barnevern:

	Rekneskap 2017	Justert budsjett 2017	Avvik	% - avvik	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
Gruppeteneste: Sosial og barnevern						
23103 Andre aktivitetstilbud for barn og unge	44 952	0	-44 952	0	61 000	40 616
23407 Støttekontakt/funksjonshemma	201 660	720 000	518 340	-72	561 239	574 230
24201 Sosialkontortjenester	547 958	1 228 000	680 042	-55	693 209	822 140
24205 Sals- og skjenkekontroll	-20 719	0	20 719	0	-9 457	-26 362
24206 NAV lokale	55 085	0	-55 085	0	0	0
24300 Tilbud til personar med rusproblem	0	61 000	61 000	-100	11 479	0
24400 Barnevernstenesta	1 225 561	1 400 000	174 439	-12	1 192 107	1 271 873
25100 Barnevernstiltak i familien	198 444	320 000	121 556	-38	188 160	298 366
25200 Barnevernstiltak utanfor familien	974 543	1 034 000	59 457	-6	1 163 261	1 105 860
28101 Økonomisk hjelp	931 451	526 000	-405 451	77	826 718	449 059
31503 Tilskot/lån husbankmidlar	0	0	0	0	198 018	800 000
Sum gruppeteneste: 6 Sosial og barnevern	4 158 935	5 289 000	1 130 065	-21	4 885 734	5 335 782

Budsjettmessig mindreforbruk på om lag 1,1 mill.kr. Økonomisk sosialhjelp har eit meirforbruk på 0,4 mill. kr, medan andre tenester under NAV/sosial har til dels store mindreforbruk – i sum ca. 1,2 mill.kr. Barnevernstenesta i samarbeid med Gulen, og med Gulen som vertskommune, enda opp med rekneskap/ mindreforbruk på litt over 0,3 mill.kr.

Pleie og omsorg:

	Rekneskap 2017	Justert budsjett 2017	Avvik	% - avvik	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
Gruppeteneste: Pleie og omsorg						
23401 Dagsenter -aktivitetstilbud eldre og funksjonshemma	-345 338	207 500	552 838	-266	-331 374	0
25300 Masfjorden sjukeheim pleie	14 105 782	9 346 000	-4 759 782	51	9 500 115	8 747 436
25301 MS - kjøkken	2 307 859	2 173 500	-134 359	6	2 122 575	2 207 054
25302 Masfjorden sjukeheim - Nystova	2 339 439	5 875 000	3 535 561	-60	7 068 867	5 266 067
25303 Masfjorden sjukeheim - Nystova/natt	4 496 459	4 365 000	-131 459	3	4 563 502	3 913 302
25305 Pleie vakt felles	569 374	409 600	-159 774	39	618 963	523 540
25307 Avlastningsbustad	4 524 591	4 467 000	-57 591	1	3 378 978	4 152 927
25400 Heimetenester	14 319 554	15 558 600	1 239 046	-8	5 855 599	5 307 009
25408 Heimetenester SØR	101 531	0	-101 531	0	4 245 734	4 213 433
25409 Heimetenester INDRE	91 278	0	-91 278	0	4 705 360	4 757 657
26100 MS - institusjon, reinhald	5 822 397	5 536 500	-285 897	5	5 599 128	5 208 165
26501 Omsorgsbustader NORD	21 411	-108 500	-129 911	-120	166 838	-130 307
26502 Omsorgsbustader SØR	45 094	-67 500	-112 594	-167	-60 384	-95 564
26503 Omsorgsbustader INDRE	-174 974	-232 000	-57 026	-25	-31 711	-192 586
26504 Omsorgsbustader TTF	51 255	119 100	67 845	-57	37 521	39 949
26507 Omsorg/psykisk. bustadar NORD	37 352	-22 000	-59 352	-270	215 747	209 579
Sum gruppeteneste: 7 Pleie og omsorg	48 313 064	47 627 800	-685 264	1	47 655 458	44 127 661

Rammeområde pleie- og omsorg kom ut med eit meirforbruk på om lag 0,7 mill.kr. i 2017, og samla gjekk det med 48,3 mill.kr. til drift av rammeområdet. Det er gjort ein del endringa i 2017 som ikkje er fanga opp i budsjettjusteringa, og difor ein del større +/- i forhold til budsjett.

Kultur:

	Rekneskap 2017	Justert budsjett 2017	Avvik	% - avvik	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
Gruppeneste: Kultur						
36500 Kulturminnevern	0	0	0	0	-100 000	0
37001 Folkebibliotek	950 950	1 055 000	104 050	-10	963 575	976 058
37301 Bygdekino m.m.	0	15 000	15 000	-100	0	18 008
37500 Museum	550 506	505 000	-45 506	9	552 027	663 314
37504 Sleire skulemuseum	13 271	5 000	-8 271	165	5 229	4 459
38002 Drifts-/anleggsstøtte idretts.org.	54 122	50 000	-4 122	8	68 980	53 761
38003 Idrettsskulen	303 859	263 500	-40 359	15	324 228	249 026
38101 Matre symjebasseng	1 486 292	956 000	-530 292	55	1 217 667	1 149 657
38102 Idrettsbaner/sentralbaneanlegg	-83 761	339 000	422 761	-125	380 135	392 159
38300 Kultur- og musikkskulen	2 664 751	2 595 000	-69 751	3	2 506 441	2 245 968
38502 Vakesenopplæring utanfor skuleverket	40 000	40 000	0	0	40 000	40 000
38503 Kulturvern og arkiv	35 000	50 000	15 000	-30	50 000	19 000
38505 Støtte til frivillige lag/organisasjonar	47 500	65 000	17 500	-27	109 535	54 193
38506 Andre kulturaktivitetar	153 903	162 000	8 097	-5	-89 897	151 305
Sum gruppeneste: 8 Kultur	6 216 393	6 100 500	-115 893	2	6 027 920	6 016 908

Budsjettmessig meirforbruk på litt over 0,1 mill.kr.. Matre symjebasseng med eit meirforbruk på 0,5 mill.kr., idrettsskulen kosta kommunen kr 303.859 mot eit budsjett på 263.500, museum 550.000 mot budsjett på 505.000, medan dei andre områda anten gjekk i balanse eller hadde mindreforbruk.

Kyrkja:

	Rekneskap 2017	Justert budsjett 2017	Avvik	% - avvik	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
Gruppeneste: Kyrkja						
23408 Frivillighetsentralen	65 000	65 000	0	0	0	0
39000 Kyrkjer og MKF	2 947 332	2 980 000	32 668	-1	3 048 299	3 254 646
39200 Andre religiøse formål	56 018	40 000	-16 018	40	29 919	-1 822
39300 Kyrkjegardar	520 000	520 000	0	0	600 000	570 000
Sum gruppeneste: 9 Kyrkja	3 588 350	3 605 000	16 650	0	3 678 218	3 822 824

Budsjettmessig mindreforbruk på kr 16.650.

Opphøvelg budsjett for rammeområde kyrkja i 2017 var 3.460.000.

I kommunestyresak 95/2016 som vart handsama i same møte som budsjettet for 2017, vart det i pkt. 1 vedteke kr. 80.000 til prestestilling og pkt. 3 i vedtaket kr. 65.000 til frivillighetsentralen. Samtidig tilrødde formannskapet at ein tok kr. 65.000 til frivillighetsentralen av potten for tilleggsøyvinga som formannskapet disponerer.

I samband med budsjettrevisjonen juni 2017 var rammeområde kyrkja styrkja med kr. 145.000 til 3.670.000. Då kr. 65.000 allereie var innarbeidd i 2017 budsjettet skulle denne budsjettjusteringa ha vore 80.000 og ikkje 145.000.

Endeleg budsjetttramme for kyrkja er såleis 3.605.000 og ikkje 3.670.000, og dette avviket har skapt ein del «støy» gjennom året.

Teknisk:

Gruppeteneste: Teknisk	Rekneskap 2017	Justert budsjett 2017	Avvik	% - avvik	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
12901 Gulen og Masfjorden brann og redning	-140	0	140	0	-1 067	0
12950 Reinhold SØR	0	0	0	0	-153	0
12952 Reinhold INDRE	-140	0	140	0	-7	0
26505 Gjennomgangsbustader	477 050	847 400	370 350	-44	907 475	764 751
26506 Utleigebygg Hosteland	29 192	-1 400	-30 592	-2 185	-34 181	107 459
26508 Utleigebustader Sandnes	-186 657	-119 700	66 957	56	35 695	-49 497
28501 Fylkesvegar	3 614 785	3 800 500	185 715	-5	0	0
30100 Plansaker	2 141 379	2 433 000	291 621	-12	490 433	1 153 800
30200 Byggesaker	28 577	-442 400	-470 977	-106	214 632	439 743
30300 Kart og oppmåling	20 746	658 500	637 754	-97	373 663	332 704
31501 Tomtar	155 600	0	-155 600	0	0	0
31502 Festetomtar	102 934	71 000	-31 934	45	103 918	87 934
31505 Tilrettelegging bustader	0	0	0	0	0	29 485
32502 Drift av utleigebygg m.m.	11 564	0	-11 564	0	17 409	580
32901 Skogbruk	335	-1 700	-2 035	-120	395	175
32902 Jordbruk	532 322	761 000	228 678	-30	663 472	666 047
33301 Kommunale vegar	2 831 690	2 978 300	146 610	-5	2 780 933	2 671 664
33302 Agresso - fylkesvegar	0	0	0	0	1 000 000	0
33304 Parkeringsplassar	1 682	0	-1 682	0	58 400	0
33305 Gatelyst	551 709	380 000	-171 709	45	511 006	192 757
33501 Offentlege parkar og anlegg	179 317	114 200	-65 117	57	90 512	81 220
33502 Offentlege plassar og torg	0	0	0	0	0	41
33503 Offentlege toalett	38 000	28 000	-10 000	36	38 987	40 084
33801 Feiing og vanleg branntilsyn	-78 912	0	78 912	0	-76 049	-78 229
33901 Brannvesen	2 908 248	1 998 000	-910 248	46	2 706 669	2 533 563
33902 Beredskap mot akuttforureining	0	25 000	25 000	-100	0	0
34500 Distribusjon av vatn (sal)	-311 918	-1 054 500	-742 582	-70	-227 398	-262 588
35301 Avløpsnett	-436 533	-429 500	7 033	2	-755 770	-615 449
35401 Septiktank/slamtømming	46 988	-42 200	-89 188	-211	144 678	37 068
35402 Kloakkavgift	-44 200	-128 000	-83 800	-65	-162 000	-21 000
36000 Kalking av vassdrag	-813 502	0	813 502	0	-30 704	-33 652
36001 Fiske- viltforvaltning og miljø	41 163	0	-41 163	0	-48 064	-29 694
36006 Friluftsområde/badeplassar	30 492	46 500	16 008	-34	28 184	26 864
Sum gruppeteneste: 10 Teknisk	11 871 771	11 922 000	50 229	0	8 831 068	8 075 830

Samla sett kjem rammeoråde teknisk bra ut, og i samsvar med 2017 budsjettet – men med ein del til dels store budsjettavvik.

Brannvern enda med eit meirforbruk på 0,9 mill.kr., vassverk med betydeleg mindre inntekt enn budsjettet, og eit avvik på 0,7 mill.kr.

På inntektssida er det ført ekstra statstilskot kalk av vassdrag med netto 0,8 mill.kr. men dette er føresett brukt til tiltak i 2018, samt ein del andre rammeområder med meirinntekter/mindreforbruk enn budsjettet.

Andre tenesteområde:

Gruppeteneste: Andre tenesteområde	Rekneskap 2017	Justert budsjett 2017	Avvik	% - avvik	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
13000 Administrasjonslokale	1 397 654	2 141 000	743 346	-35	1 750 658	1 929 072
17001 Årets premieavvik	-796 108	0	796 108	0	-672 312	34 230
17101 Amortisering tidl.års premieavvik	1 835 577	1 720 000	-115 577	7	1 739 533	1 744 423
17200 Pensjon	76 156	0	-76 156	0	75 936	63 438
17300 Premiefond	-2 106 913	0	2 106 913	0	-2 626 052	-3 388 718
18001 Eldreråd	9 812	13 000	3 188	-25	5 627	3 471
18002 Overformynderiet	0	0	0	0	0	-50 997
18004 Andre fellesutgifter	513 032	316 000	-197 032	62	510 976	368 156
18006 Ungdomsråd	15 000	40 000	25 000	-63	0	6 000
18007 Råd for funksjonshemma	1 561	6 000	4 439	-74	3 299	0
23104 Støtte til barne- og ungdomsorganisasjonar	16 500	40 000	23 500	-59	22 000	23 000
23303 Næringsmiddeltilsynet	51 770	40 000	-11 770	29	40 189	41 297
23306 Veterinærtenester	0	30 000	30 000	-100	30 000	30 000
24207 Koorinering flyktningar	3 309 069	1 237 000	-2 072 069	168	1 970 724	849 537
28503 Breibandsteneste	-2 675 000	0	2 675 000	0	0	0
32001 Konesjonskraft	-5 469 926	-2 500 000	2 969 926	119	-3 998 203	-4 995 772
32501 Næringsutvikling	759 517	660 000	-99 517	15	496 099	1 607 948
32504 Kraftfond	379 572	1 300 000	920 428	-71	412 349	790 223
32505 Pilotprosjekt	0	0	0	0	0	-536 345
33803 Anna ulukkesførebyggjande arbeid	26 988	0	-26 988	0	26 652	52 850
80002 Eigedomsskatt	22 606	0	-22 606	0	4 308	48 088
86001 Avskrivningar KOSTRA	-7 260 204	-8 257 000	-996 796	-12	-7 572 454	-7 908 360
87001 Renter eksterne lån	0	0	0	0	59 635	28 091
Sum gruppeteneste: 11 Andre tenesteområde	-9 893 337	-3 214 000	6 679 337	208	-7 721 036	-9 260 368

Budsjettmessig mindreforbruk på kr 6,7 mill.kr.

Pensjonsrelaterte poster som årets premieavvik, amortisering av tidlegare års premieavvik, pensjon og premiefond gjev ei vesentleg inntekt i høve budsjett

Mindreforbruk administrasjonsbygg med 0,7 mill.kr., kor stor del skuldast avskrivning – kor stor del er ført på administrasjon i stadenfor her som det var budsjettert

Fiberutbygging og årets tilførte tilskot med 6 mill.kr., gjer at rammeområdet kjem gunstig ut i 2017, men store deler av kostnaden kjem i 2018 – då finansiert med bruk av fond

Konesjonskrafta ga ei vesentleg meirinntekt i 2017, 5,5 mill netto mot eit budsjett på 2,5 mill.kr.

3.2.4. Spesielle forhold vedk. 2017 rekneskapen

- Fibertilskot 6 mill.kr. i 2017, brukt i 2017 kr. 3.325.000 og avsett til fond for bruk kommande år 2.675.000.kr., saman med tidlegare års avsetjing med 3,5 mill.kr.
- Transaksjonar med BKK i samband med overtaking kontor og brannstasjon Matre, både drift og investering, drift ført brutto omlag 3,6 mill.kr. både som kostnad og som leigeinntekt, og netto 0.
- Kalk – midlar mottatt i 2017 – men gjeld tiltak seinare år, utgjør 1,25 mill.kr.
- Masfjordsambandet – kostnader til fylkeskommunalt prosjekt, budsjettert med 6 mill.kr., tenkt finansiert med fond – brufondet, men rekneskapen avlagt utan inntektsføring bruk av fond.

Framdrift av Masfjordsambandet har vore avhengig av at Masfjorden kommune har tatt ein del kostnader og arbeid for å drive fram prosjektet før prinsippvedtak fatta av Hordaland fylkesting 12. desember 2017. Dette er forhold som er nødvendige for i det heile å komme i posisjon til å få realisert prosjektet. Dette gjeld m.a. kjerneboring, planarbeid og dekkja kostnader med statleg krav om KS2 rapport kring prosjektet.

Kommunestyrevedtak sak 65/17: Driftsbudsjettet for 2017 vert justert med ein brutto kostnad knytt til Masfjordsambandet i 2017 med 6 mill.kr., og denne posten vert finansiert med 1,2 mill.kr. i

mva.kompensasjon og restsum vert dekkja av fondsmidlar, 4,8 mill.kr. av tidlegare års avsette midlar til

«brufondet». Samla sett viser prosjektrekneskapen at vi har netto (utan mva.) nytta kr. 4.978.843, på eit

fylkeskommunalt prosjekt som del av 2017 rekneskapen til kommunen. Ein god del av denne kostnaden er forhold som vi legg til grunn inngår som post(ar) i sum anslag som statens vegvesen har for Masfjordbrua, og at desse postane vil bli dekkja inn att av totalprosjektet når bruprojektet vert realisert.

- Masfjorden har stått som ansvarleg kommune for i alt 3 regionale prosjekt, med samla statleg overføring på 2,7 mill.kr. 2 av prosjekta går på implementering av velferdsteknologi i kommunane
- Samla høgt tilskot integrering flyktningar
- Finansinntekter – med nær 2,8 mill.kr. i gevinst 2017
- Konesjonskraft, budsjettert med 2,5 mill.kr. i nettogevinst, med enda opp med om lag 5,5 mill.kr., og dermed 3 mill.kr. meir enn budsjettert.

Korrigert netto driftsresultat når ein tek omsyn til 1,3 og 5 kulepunkt over, er at resultatet vert svekka med 8,5 mill.kr., og ville ha utgjort minus 1,4 mill.kr.


Konsekvensane er at ovannemnde forhold vil svekke netto driftsresultat med 8,5 mill.kr. i 2018 – føresett at utbygging av fiber – kalktiltak og velferdsteknologiprojektet går som tenkt – som inneber om ein held 2018 budsjettet, så vil ein få eit negativt netto driftsresultat i 2018.

3.3 Balansen 2017

Balansen gjev eit oversyn over eigedelar, gjeld og eigenkapital

Tal i heile 1000	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Anleggsmidlar	271 083	288 694	317 577	345 638	357 044	376 750	390 219	415 669	430 323	444 200	463 017
Omløpsmidlar	57 785	58 573	65 925	63 235	70 326	67 512	77 196	77 085	83 841	85 599	99 819
Sum eigedelar	328 868	347 267	383 502	408 873	427 370	444 262	467 415	492 754	514 164	529 879	562 836
Kortsiktig gjeld	17 914	17 076	20 569	21 705	29 284	24 804	27 843	28 232	29 081	27 185	34 893
Langsiktig gjeld	190 922	200 124	217 251	231 532	266 540	281 107	300 559	320 073	332 138	345 078	356 194
Eigenkapital	120 032	130 067	145 682	155 636	131 546	138 351	139 012	144 448	152 945	157 615	171 749
Sum gjeld og EK	328 868	347 267	383 502	408 873	427 370	444 262	467 414	492 753	514 164	529 878	562 836

Utviklinga av eigedelar frå 1991 og fram til i dag (tal i heile tusen)



Anleggsmidlar

Endring i pensjonsmidlar i Kommunal Landspensjonskasse og Statens pensjonskasse er 13,8 mill. kr i 2017 til 232,3 mill. kr.

Netto endring på aktivering og avskrivning av anlegg, utstyr og maskiner i 2017 er 3,2mill. kr.

Netto endring på utlån er kr 304 049 og gjeld utlån startlån og lån frå kraftfondet.

Aksjar og eigedelar aukar med kr 419 289 og gjeld eigenkapitaltilskot til KLP, sal av aksjar i i Tide As.

Omløpsmidlar

Sum av omløpsmidlar er auka med 14,2 mill kr.

Kortsiktige fordringar mot andre er redusert med 1,8 mill. kr.

Akkumulert premieavvik er redusert med 1,2 mill. kr.


Aksjar, andelar og obligasjonar er auka med 2,5 mill. kr.

Kasse og bankinnskot er i 2017 auka med 14,3 mill. kr.

Eigenkapital og gjeld

Eigenkapitalen

utgjer pr. 31.12.2017 30,5 % av sum eigenkapital og gjeld. Langsiktig gjeld utgjer 63,3 % av sum eigenkapital og gjeld og kortsiktig gjeld utgjer 6,2 % av sum eigenkapital og gjeld.



Saldo brufond

utgjer pr. 31.12.2017 kr. 7.170.867

Masfjorden kommunestyre fatta følgjande vedtak den 31.5.2012, sak 45:

- Masfjorden kommune går inn med 40 mill. kr. som eigenfinansieringsdel i Masfjordsambandet.
- Det vert gjort ei årleg avsetjing på 1 mill. kr. frå kraftfondet til brufond til prosjektet vert realisert og finansieringsbehovet oppstår.

Lånegjeld

Lånegjelda auka med 1,1 mill. kr. i løpet av 2017, og utgjer 72,2 mill.kr.

I langsiktig gjeld ligg og pensjonsforpliktinga som har auka med om lag 10 mill. kr. i 2017




Samla har Masfjorden kommune ei langsiktig gjeld på 356,2 mill. kr.

Arbeidskapital

Endring i arbeidskapitalen viser at kommunen har auka sin økonomiske handlefridom med 7,5 mill.kr. i 2017.

Fondsmidlar

auka i 2017 med 6,8 mill. kr. og utgjer 59,5 mill kr.



5. MELDING FRÅ REVISOR

Til kommunestyret i Masfjorden kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Administrasjonssjefen

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Masfjorden kommune som viser kr 153 335 212 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 1 476 294. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2017, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2017, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overholdt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Administrasjonssjefen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i kommunens årsmelding, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Administrasjonssjefen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeidar vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av administrasjonssjefen, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og administrasjonssjefen mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og kor tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.



Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon med atterhald om registrering og dokumentasjon

Kommunen har ikkje etablert tilstrekkeleg arbeidsdeling på økonomiområdet. Dokumentasjon av årsoppgjeret er ikkje fullstendig framlagt. Desse tilhøva er kommentert i brev nr 16 frå revisjonen.

Med unntak av desse tilhøva og basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å **sørgje** for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Isdalstø, 10.04.2018
Nordhordland Revisjon IKS

Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef